

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 36

Fylke: Vest Agder

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Laudal

Emne: Helsing, Fakter og Åtferd

Bygdelag: Øvrebygda

Oppskr. av: O.G. Bruskeland

Gard: Bruskeland

(adresse): Mandal

G.nr. 8 Br.nr. 2.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Eiga.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Eg har lite å melda om dette.

1. Ja, ved å "nikke" med hovudet. Nei ved å "rysta" med hovudet.
2. Til vanleg helsar dei på alle. Ukjende ved bare å "nikka" eller "bukka".
3. Den framande ^{og kjende} som kom til gards eller som ein møtte ^{godkvelds}
4. Goddag eller ^{godkvelds} eller godmorgen etter tida på dagen
5. Dei tok hatten av når dei møtte presten eller embedsmenn.
Ellers ikkje.
6. Hatten eller huva holdt dei berre i ei hand.
7. Likeeins.
8. Når den framande kom på besøk. og når det var framande ein var i slekt med eller såg opp til og sette pris på å treffe.
9. Det hende nok, men ikkje vanleg.
10. Dei tok alltid til hatteⁿ, -tok den ^{heilt} offte av og stanste og lydde.
Under arbeidet likeeins og stod litt å lydde. Kvinnene stogga og lydde.
11. Kjørde eller gjekk godt unna. Stod med hatten i handa når likferda gjekk forbi. Ved brurefylje vinka dei.
12. Nei.
13. Kan ikkje oppgi klokkeslett. Godmiddag - ved middagstid når dei kom i heimen. God aften efter at det var ete til kvelds. God natt når alt arbeide var slutt og ein skulde gå tilsengs.
14. I 80-90 åra var dei nøie på at der skulde helsas etter

vanlege reglar.Nå har dette endra seg så det gjeng ann å
hels "godmorn" iallfald til middagstider.

- 17. I 80-90 ára helse gamle når fleire var i stua eller sa-
man- Guds fred-signe arbeidet, signe kvila - signe maten
når huslyden sat å spiste-men først helse dei med "goddag".
- 18. Enkelte sa nok"Guds fred i stova."
- 19. Til vanleg var der nok nokon i stova som han helse på-ellers
sa han vanleg"goddag i stova!"
- 20. Vanleg sa han-kunne eg få tala med deg på "eintall."
- 21. Så ymse med det i gamle dage.Regelen var nok at var ein
framand-skulde ein "knatta" på.(banka på døra) ellers gjekk
ein rett inn.Nå skal ein^{asid}banka på.
- 22. Enten gjekk nokon ut og skulde sjå kven det var -eller deisa
"kom inn."
- 23. Han eller hende skulde bli ståande inntil dei blei beden
om å sitja ned.
- 24. Han skulde i alle høve ta hatten av.
- 25. Var det ein framand og han sjøl ikkje sa det,spurde dei
kor han var^{frå}og om hans erende. og kor han kom fra.Vart sva-
ret at det var ein dei kunde ha interesse av å tala med
bad dei han sitja ned.Ellers ikkje, og han laut gå att.
- 26. ja,stor skildnad.Slektninger og velvyrde folk baud dei
straks sitja ned og fandt fram stol m.v. Høgvyrde fekk
27 plass ved vinduga,i sofaen om dei hadde det.Andre ved om-
28. nen eller døra.
Heilt framande fekk nok ikke nokon helsing før dei hadde
gjort greia for erende sit og kor dei var frå.
- 29 Innbedne blei helsa hjøttelig velkomen,"det var rektig gjildt
at du eller Dykk kom!"Sjå å kom Dykk ian og sitja^{ned}
- 30. Den framande takka før seg og husbondsfolket takka for at
han eller dei kom og ynkte dei god reise heimatt-var det
31 eldre blei det nok ymta om at det kanskje vart seiste gong
dei var samann og at dei vona å treffast att på ein betre stad."
- 32. Kyssing blei ikkje brukt.-snaut på nokon måte.
"Å bytte nase" med born blei brukt som "leik" både millom
born og foreldre og framande.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING